

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	18-May-2015
18. 05. 2015	
Ark. saksnr	Q1,
15/2234	
Saksnr	Tilgangskode

Redegjørelse for tiltak på Gnr 39 bnr 2, Mykingvegen 1387

Ein har ønskje om å riva eksisterande driftsbygning, samt føre opp ny bygning fordi:

- Det er råteskader i deler av bygning som er så pass omfattende at ein pga tryggleikshensyn vil rive bygningen.
- Ein vil ha større avstand mellom bustadhus (1385) og driftsbygning. I dag ligg driftsbygningen kun 9-10m fra bustadhuset med dei ulempene som det medfører (td traktorkjøring i tunet).
- Underetasjen i driftsbygningen har ikkje ståhøgde, noko som medfører at etasjen blir lite anvendbar.
- Det er fuktinnsig i underetasjen.
- Driftsbygningen framstår i dag som svært upraktisk, og ein ombygging vil medføre uforholdsmessig høge kostnader.
- Ein ny driftsbygning vil være meir praktisk i bruk. Ein vil med den nye bygningen kunna driva med landbruk på ein enklare og bedre måte. Det vil også være meir økonomisk forsvarleg å byggje nytt, enn å restaurere på ein bygning som ikkje er egna etter dagens krav.

Byggeår for eksisterande driftsbygning er ca 1935.

Føret på eiendommen blir i dag hausta av ein nabo som driv gardsbruk. Ein har sjølv nokre sauer på eiendommen, og ein vil på sikt auke dette antallet.

Hausten 2014 var vi i kontakt med Nils Kålås på landbruksavdelinga, og han var positiv til tiltaket.

Ut i fra dette meiner vi at dette er å sjå på som eit tiltak i landbruket, og at ein dermed ikkje treng å søkje om dispensasjon frå arealformålet som er LNF.

Av samme grunn står tiltakshavar sjølv ansvarleg for tiltaket.

Med helsing

Ida Marie Nordahl Mathias Kutschker
Ida Marie Nordahl og Mathias Kutschker

Dato: 15. 5. 15